



Årsmelding 2017

Ørsta IL Fotball er registrert med adresse i Holmegata 20, i Ørsta kommune. Ørsta IL Fotball har vorte ein stor familie med aktive i alle årsklassar for både jente og gut, dame og herre. Visjonen; ein arena for alle og rom for den einskilde peikar framover der målet er å gje eit tilbod til alle uansett nivå.

Under SFK sitt kretsting var Ørsta Fotball nominert i kategorien Årets Fairplay klubb for andre året på rad. Vi nådde ikkje opp i år heller, men dette syner oss at arbeidet som vert gjort vert lagt merke til. Vi fekk også 5000,- i dommarbelønning frå kretsen, då vi var ein av fleire klubbar som har jobba godt med dommarrekrutering.

Føresetnadane for vidare drift er til stades.

	2016	2017
Driftsinntekter	4.345.000,-	4.372.000,-
Resultat	56.000,-	- 138.000,-
Eigenkapital	Ørsta Idrettslag	Ørsta Idrettslag

Det har vore avholdt 9 styremøter og handsama 25 saker. I tillegg har det vore avholdt eit ekstraordinært årsmøte m/valg. Styret vurderer det slik at oversikta over gjev eit rettvisst bilete over utviklinga, resultat og klubben si stilling.

Ørsta IL Fotball har i året 2017 ikkje sett i verk forskning eller utviklingsaktivitetar utover det som høyrer drifta til.

Styret vil likevull kommentere dette; Etter fleire års drift har no FFO (Fotball fritidsordninga) takka være tolmodig arbeid etablert eit fagleg og sosialt godt tilbod som tel ca 75 brukarar frå 2.-7. klasse. For FFO har hausten vore eit utfordrande periode, då ein pga riving av klubbhuset har måtte flytte til mellombels lokaler på Velle (som ikkje var eigna til å drifte FFO på ein tilfredstillande måte). Lovnaden her var at denne perioda skulle vare i maks 5 veker...men varte i overkant av 12 veker. Dette var uheldig for FFO, noko som har komt til uttrykk gjennom fleire sa opp plassen sin.

Sommaren 2016 vart det lagt nytt kunstgrasdekke. Likevel peikar styret på at arbeidet med meir speleflater lyt prioriterast i tida som kjem.

Fokuset i 2017 har vore å ruste opp området rundt kunstgrasbana/Kiwihallen. Vi har derfor inngått ei avtale med Aurstad AS. Der dei får namnet Aurstad Arena mot at dei bidreg med denne opprustinga. Dette arbeidet vart diverre ikkje fullført i 2017, og målet er å fullføre det iløpet av våren-18.

Ørsta IL Fotball har to fast tilsette. Dette saman med tilkallingshjelp utgjør 1,8 årsverk. Styret har 6 faste medlemmer. Ørsta IL Fotball har kontrakt med trenarar for laga 16 år og oppover. Dette i tillegg til mange foreldre/føresette som lagleiarar, oppmenn, dommarar og dugnadshjelparar. Klubben har ca.500 registrerte spelarar i alderen 6 år og oppover. Ørsta IL Fotball vil i framtida behandle menn og kvinner likt ved eventuell tilsetjing/rekrutering til stilling/styreverv og andre oppgåver. Det har for året 2017 vore 0 sjukedagar/meldingar for dei tilsette.

Selskapet ureinar ikkje miljøet utover det som er tillat.

Ørsta 20.2.2017.

Paul Kristian Hovden/Torbjørn Vartdal
Til nov. Frå nov.
-styreleiar- -styreleiar-

Bjørnar Vartdal
-økonomileiar-

Per Endre Wolsund
-sportsleg leiar-

Rigmor Nekstad
-leiar kvalitetsklubb-

Tov Lerheim
-leiar alderbestemt-

Jan Ove Raudøy
-leiar bane og anlegg-

Budsjett 2018 – Ørsta Idrettslag fotballgruppa

Inntekter	Reknskap 2017	Budsjett 2018
Sponsor/reklame/annonse	811.000	850.000
FFO	954.000	900.000
Treningskontigent	632.000	840.000
Arrangementsinntekter	647.000	700.000
Sal klubbklede	178.000	180.000
Lodd/kalender/koppsal	280.000	170.000
Fyrverkerisal	168.000	400.000
Momskompensasjon	180.000	206.000
Diverse inntekter	225.000	100.000
Tilskot	225.000	225.000
Leigeinntekter	72.000	70.000
Sum inntekter	4.372.000	4.641.000

Kostnader	2017	Budsjett 2017
Personalkostnad	1.270.000	1.310.000
Leigekostnader	949.000	950.000
Varekostnad	792.000	880.000
Diverse kostnader	422.000	450.000
Trenere/reisekostnad	320.000	400.000
Kontigent/påmelding	274.000	250.000
Avskrivninger	204.000	140.000
Rentekostnad	103.000	60.000
Dommarutgifter	91.000	100.000
Reparasjon/vedlikehald	86.000	100.000
Sum kostnader	4.511.000	4.640.000

Resultat	-139.000	1.000
-----------------	-----------------	--------------